

Albumin-Kreatinin ratio i urin

Albumin per mmol kreatinin, AKR, ACR

Indikasjoner

Vurdering av risiko for diabetisk nyresjukdom ved type 1-diabetes. Diagnostikk og kontroll av tidleg nyreskade ved hypertensjon.

Prøvemateriale



2 mL tilfeldig latt urinprøve.

Pasienten bør vere i non-ketotisk tilstand og unngå sterk fysisk aktivitet dagen før prøvetaking.

Referanseområde

< 3 mg / mmol kreatinin

Tolkningar

Mikroalbuminuri er ein indikator på begynnande nyreskade ved diabetes eller hypertoni. For diagnostikk er det nødvendig med minst tre ulike kontrollar av urinen, der minst to av dei skal vere positive.

Mikroalbuminuri: 3,0 – 30 mg / mmol kreatinin.

Proteinuri: > 30 mg/ mmol kreatinin.

Nyrefriske kan få påvist mikroalbuminuri etter fysisk aktivitet, ved hyperglykemi, urinvegsinfeksjon, hematuri, feber, dehydrering og hjertesvikt.

Ved måling av ein tilfeldig dagurin vil mengde albumin per kreatinin oftast vere høgare enn i morgonurin, og verdiar på 5 mg/ mmol kreatinin kan difor vere normalt.

Dersom u-albumin blir målt til > 3000 mg/L, vil laboratoriet rekvirere U-Protein-Kreatinin ratio i staden for U-Albumin-Kreatinin ratio.